



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2023 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 985 231 931
Organisasjonsform: Stiftelse
Foretaksnavn: STIFTINGA VEST-TELEMARK MUSEUM
Forretningsadresse: Museumsvegen 9
3891 HØYDALSMO

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2023 - 31.12.2023

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Lars Bjaadal
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 28.02.2024

Grunnlag for avgivelse

År 2023: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2022: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2023

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 04.03.2025



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
RESULTATREGNSKAP			
Inntekter			
Annen driftsinntekt	7	21 781 816	23 110 658
Sum inntekter		21 781 816	23 110 658
Kostnader			
Varekostnad		1 032 824	1 143 765
Lønnskostnad	2	13 966 598	13 715 985
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	3	243 020	279 736
Annen driftskostnad		7 165 630	7 198 661
Sum kostnader		22 408 072	22 338 147
Driftsresultat		-626 256	772 511
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt		319 146	78 404
Annen finansinntekt		528	199
Sum finansinntekter		0	0
Annen rentekostnad		236 991	114 551
Annen finanskostnad		913	682
Sum finanskostnader		0	0
Netto finans		81 770	-36 629
Resultat før skattekostnad		-544 486	735 882
Årsresultat		-544 486	735 882
Totalresultat		-544 486	735 882
Overføringer og disponeringer			
Overføringer til/fra annen egenkapital	6	-544 486	735 882
Sum overføringer og disponeringer		-544 486	735 882



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
BALANSE - EIENDELER			
Anleggsmidler			
Immaterielle eiendeler			
Sum immaterielle eiendeler		0	0
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	3	964 977	1 736 968
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner og lignende	3	7 266 569	6 827 119
Sum varige driftsmidler		8 231 547	8 564 088
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	3	5 002	5 002
Andre fordringer		204 087	178 485
Sum finansielle anleggsmidler		209 089	183 487
Sum anleggsmidler		8 440 636	8 747 575
Omløpsmidler			
Varer			
Varer		780 071	713 000
Sum varer		780 071	713 000
Fordringer			
Kundefordringer		326 043	137 737
Andre fordringer		1 206 117	437 282
Sum fordringer		1 532 160	575 019
Investeringer			
Sum investeringer		0	0
Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskudd, kontanter og lignende		11 020 039	13 407 601
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		11 020 039	13 407 601
Sum omløpsmidler		13 332 270	14 695 621



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
SUM EIENDELER		21 772 906	23 443 195
BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Selskapskapital	5,6	212 000	212 000
Annen innskutt egenkapital		0	0
Sum innskutt egenkapital		212 000	212 000
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	6	11 783 737	12 329 723
Sum opptjent egenkapital		11 783 737	12 329 723
Sum egenkapital		11 995 737	12 541 723
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Sum avsetninger for forpliktelser		0	0
Annen langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	4	4 200 000	4 620 000
Sum annen langsiktig gjeld		4 200 000	4 620 000
Sum langsiktig gjeld		0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		930 200	557 256
Skyldige offentlige avgifter		753 804	767 370
Annen kortsiktig gjeld		3 893 165	4 956 847
Sum kortsiktig gjeld		5 577 169	6 281 473
Sum gjeld		9 777 169	10 901 473
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		21 772 906	23 443 195



Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2023 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2024 317813

Enheten

Organisasjonsnummer: 985 231 931
Organisasjonsform: Stiftelse
Foretaksnavn: STIFTINGA VEST-TELEMARK MUSEUM
Forretningsadresse: Museumsvegen 9
3891 HØYDALSMO

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2023 - 31.12.2023

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Lars Bjaadal
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 28.02.2024

Grunnlag for avgivelse

År 2023: Årsregnskap er elektronisk innlevert.
År 2022: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2023.

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 06.03.2024



Organisasjonsnr: 985 231 931
STIFTINGA VEST-TELEMARK MUSEUM

RESULTATREGNSKAP

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
RESULTATREGNSKAP			
Inntekter			
Annen driftsinntekt	7	21 781 816	23 110 658
Sum inntekter		21 781 816	23 110 658
Kostnader			
Varekostnad		1 032 824	1 143 765
Lønnskostnad	2	13 966 598	13 715 985
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	3	243 020	279 736
Annen driftskostnad		7 165 630	7 198 661
Sum kostnader		22 408 072	22 338 147
Driftsresultat		-626 256	772 511
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt		319 146	78 404
Annen finansinntekt		528	199
Sum finansinntekter		0	0
Annen rentekostnad		236 991	114 551
Annen finanskostnad		913	682
Sum finanskostnader		0	0
Netto finans		81 770	-36 629
Resultat før skattekostnad		-544 486	735 882
Årsresultat		-544 486	735 882
Totalresultat		-544 486	735 882
Overføringer og disponeringer			
Overføringer til/fra annen egenkapital	6	-544 486	735 882
Sum overføringer og disponeringer		-544 486	735 882



Organisasjonsnr: 985 231 931
STIFTINGA VEST-TELEMARK MUSEUM

BALANSE

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
BALANSE - EIENDELER			
Anleggsmidler			
Immaterielle eiendeler			
Sum immaterielle eiendeler		0	0
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	3	964 977	1 736 968
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner og lignende	3	7 266 569	6 827 119
Sum varige driftsmidler		8 231 547	8 564 088
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	3	5 002	5 002
Andre fordringer		204 087	178 485
Sum finansielle anleggsmidler		209 089	183 487
Sum anleggsmidler		8 440 636	8 747 575
Omløpsmidler			
Varer			
Varer		780 071	713 000
Sum varer		780 071	713 000
Fordringer			
Kundefordringer		326 043	137 737
Andre fordringer		1 206 117	437 282
Sum fordringer		1 532 160	575 019
Investeringer			
Sum investeringer		0	0
Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskudd, kontanter og lignende		11 020 039	13 407 601
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		11 020 039	13 407 601
Sum omløpsmidler		13 332 270	14 695 621
SUM EIENDELER		21 772 906	23 443 195

BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD



Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Selskapskapital	5,6	212 000	212 000
Annen innskutt egenkapital		0	0
Sum innskutt egenkapital		212 000	212 000
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	6	11 783 737	12 329 723
Sum opptjent egenkapital		11 783 737	12 329 723
Sum egenkapital		11 995 737	12 541 723
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Sum avsetninger for forpliktelse		0	0
Annen langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	4	4 200 000	4 620 000
Sum annen langsiktig gjeld		4 200 000	4 620 000
Sum langsiktig gjeld		0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		930 200	557 256
Skyldige offentlige avgifter		753 804	767 370
Annen kortsiktig gjeld		3 893 165	4 956 847
Sum kortsiktig gjeld		5 577 169	6 281 473
Sum gjeld		9 777 169	10 901 473
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		21 772 906	23 443 195



Organisasjonsnr: 985 231 931
STIFTINGA VEST-TELEMARK MUSEUM

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP - alle poster oppgitt i hele tall

Note

1

Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven 1998. Det er utarbeidet etter norske regnskapsstandarder. I utgangspunktet er det reglene for regnskapsoppstilling for små foretak som er benyttet. Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld. Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er uansett klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifiseringen av kortsiktig og langsiktig gjeld er analoge kriterier lagt til grunn. Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til virkelig verdi når verdifallet forventes ikke å være forbigående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig. Langsiktig gjeld balanseføres til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet. Langsiktig gjeld oppskrives ikke til virkelig verdi som følge av renteendring. Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld oppskrives ikke til virkelig verdi som følge av renteendring. Enkelte poster er vurdert etter andre regler, og redegjøres for nedenfor. Varige driftsmidler Varige driftsmidler avskrives over forventet økonomisk levetid. Avskrivningene er som hovedregel fordelt lineært over antatt økonomisk levetid. Fordringer Kundefordringer og andre fordringer oppføres til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringene. I tillegg gjøres det for øvrige kundefordringer en uspesifisert avsetning for å dekke antatt tap. Skatter Skatter kostnadsføres når de påløper, det vil si at skattekostnaden er knyttet til det regnskapsmessige resultat før skatt. Skattekostnaden består av betalbar skatt (skatt på årets skattepliktige inntekt) og endring i netto utsatt skatt. Skattekostnaden fordeles på ordinært resultat og resultat av ekstraordinære poster i henhold til skattegrunnlaget. Utsatt skatt og utsatt skattefordel er presentert netto i balansen.

Note

1

Er det usikkerhet om fortsatt drift?: Nei

Note

Antall årsverk i regnskapsåret

14.00

Note

2



Spesifisering av resultatregnskapet

Lønnskostnader

<u>Sum</u>	<u>Beløp</u>
<u>Balanseført verdi 31.12.</u>	<u>Varige driftsmidler Immaterielle eiend.</u>

Konsernregnskap

Morselskapet sitt navn

Forretningskontor for morselskapet

Begrunnelse for at datterselskap er utelatt fra konsolideringen

<u>Samlet beløp - tilknyttet selskap</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
<u>Samlet beløp - foretak i samme konsern</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
<u>Samlet beløp - foretak i samme konsern</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
<u>Samlet beløp - felles kontrollert virksomhet</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
<u>Pantstillelse</u>		<u>Beløp</u>
<u>Beholdning av egne aksjer</u>	<u>Antall</u>	<u>Pålydende Andel av aksjek.</u>



Årsmelding og årsrekneskap
for
Stiftinga Vest-Telemark Museum

2023



Årsmelding 2023

Årsmelding for 2023

Stiftinga Vest-Telemark Museum

Rapport vurdering måloppnåing

Hovudmål:

Stiftinga Vest-Telemark Museum skal sikre eit stabilt og mangfaldig kunst- og kulturtillbod med vekt på kunstnarleg og fagleg kvalitet, og at materiell og immateriell kulturarv frå fortid og samtid vert bevart og gjort tilgjengeleg for ettertid.

Stiftinga Vest-Telemark Museum skal stimulere til ivaretaking og nyttenking ved bruk og utvikling av lokale ressursar. Dette skal skje ved å gje kunnskap om, forståing for og oppleving av kultur- og kunsthistoria til Vest-Telemark på ein måte som viser både kontinuitet og endring, samanheng og forskjell.

Vest-Telemark Museum skal

- trygge og auke driftsgrunnlaget for verksemda, sikre gode arbeidstilhøve og fysiske rammevilkår.
- arbeide måletta for å betre katalogiseringa, sikringa og bevaringa av samlingane.
- leggje til rette for forskning og formidling i tilknytning til samlingane.
- nå ut til alle grupper med særskild vekt på barn og unge.
- halde vedlike sine bygningar og kulturlandskap for ettertida.

Korleis arbeide: trygge og auke driftsgrunnlaget for verksemda, sikre gode arbeidstilhøve og fysiske rammevilkår

Resultatmål korleis arbeide

Vest-Telemark Museum skal

- Arbeide aktivt for å utvikle potensialet i verksemda og på del elningane me forvaltar
- Utvikle samla salsinntekter til 4 mill i 2023
- Som Miljøfyrtårn arbeide for å redusere vårt klimaavtrykk og arbeide aktivt for ei berekraftig drift
- Syte for sikra og ordna arbeids- og lønsvilkår og leggje til rette for fagleg og personleg utvikling hjå dei tilsette

Vurdering av eiga måloppnåing

Drift og utvikling av alle våre tilbod er faste oppgåver, som gjerne ikkje kjem så godt fram i denne rapportering. Drift av museum er ei brei og samansett oppgåve. VTM har på plass ein etablert organisasjon med god struktur for drift som er forankra i planverk, og med eit vel fungerande avtaleverk ovanfor lokale eigarstyre og kommunane.

Styrking av driftsgrunnlaget og egne salsinntekter har lenge vore målsetjing. Trass i høg aktivitet nådde ein ikkje alle målsetjingar for året. Viktig årsak til dette var stenginga av veggen mellom

Årsmelding 2023

Eidsborg og Dalen april til oktober. Slik mista me all gjennomgangstrafikk, mange av tinga grupper vart avlyst i tillegg til driftsutfordringar.

To medarbeidarar er no i masterstudie deltid på faglege tema knytt til museet. Elles deltok to medarbeidarar på lafteprosjektet trihøgdt loft i regi av Setesdal bygningsvernse nter. Ein vurderer målsetjing om fagleg utvikling som godt ivareteke.

Gjennom Miljøfyrtårn vert det arbeidd med planmessige tiltak for å redusere vårt klimaavtrykk. Sertifiseringa fordrar også systematisk arbeid med internkontroll og arbeidsmiljø. Som del av vårt planverk vart det utarbeidd og vedteke eigen handlingsplan for likeverd, mangfald og likestilling som er publisert på våre heimesider.

Me hadde ved VTM fleire langtidssjukemeldingar i 2023 som hadde innverknad på vår kapasitet, og som også kravde særskild oppfølging. Mange av våre stillingar er vanskelege å dekke opp med vikarar.

Aktiv samhandling:

Vest-Telemark Museum skal

- Vidareføre og arbeide aktivt for å styrke faglege samarbeid og nettverk, relevante utviklingsprosjekt og ha ei aktiv samfunnsrolle i regionen
- Utvikle relevante samarbeid og nettverk med andre museum
- Vidareutvikle samarbeidet med kunnskapsinstitusjonar som USN, Fagskolen og andre
- Vere aktiv samarbeidspart med reiselivet i regionen, særskild gjennom VisitTelemark og FjellTelemark
- Arbeide for utvikling av Telemarksarkivet som ei heilskapleg løysing for privatarkivarbeidet i Telemark
- Etablere bygningsvernse nter med bygningsvernrådgeving og kompetanseoverføring som hovudteneste
- Vidareføre og utvikle samarbeidet med frivjluge, lag og foreiningar, og andre relevante aktørar i regionen

Vurdering av måloppnåing

Det etablerte samarbeidet med USN gjekk vidare med studentbesøk, hospitering og førelesingar, og Forskningsrådprosjektet Eidsborg rock i samarbeid med KHM starta opp. Samarbeidet med Fagskolen Innlandet heldt fram, med både BV1 og BV2. Elles hadde ein breie samarbeid knytt til fagseminara vår, der fleire ulike UH-miljø deltek.

Fylkeskommunen er både ein viktig samarbeidspart og premissleverandør. VTM er med å realisere kulturpolitiske målsetjingar som fylket set, og dei yter også viktige økonomiske bidrag til prosjekt og utvikling ved museet. I 2023 opplevde ein redusert samarbeid og utsetjing av prosessane rundt bygningsvernse nter, Telemarksarkivet og delvis også Vikingvegen. Årsak er den pågåande fylkesplitten, der nye Telemark brukar tid på å få sett organisasjon, budsjett og planar.

Samarbeidet med Dyrsku'n og Statkraft gjekk vidare etter same leist som tidlegare, og avtaleverket med Dyrsku'n vart fornya med fire år.

Reiselivssamarbeidet gjekk vidare med særskild VisitTelemark som viktig samarbeidspart. Vidare har me delteke i utvikling av regional masterplan og reiselivstrategi for Vest-Telemark.

Årsmelding 2023

Samhandling med dei frivillige vart vidareført på mange plan, både gjennom venelag rundt drift og arrangement på musea, husflidslaga og gjennom prosjekt som stadnamninnsamlinga og utstillingar.

Ein vurderer målsetjingane for aktiv samhandling i høg grad som oppfylte.

Trygg ivaretaking: Vedlikehald og sikring

Resultatmål vedlikehald og sikring

Vest-Telemark Museum

- skal sikre og halde vedlike sine bygningar, kunst- og kulturhistoriske gjenstandssamlingar, foto og arkivmateriale for komande generasjonar
- sikre trygg lagring og tilgjenge av våre digitale objekt og dokumentasjon
- føre kontroll med sikring og klimatiske høve i arkiv, magasin og utstillingar
- overføre materiale frå ukontrollerte magasin/lager til kontrollerte
- arbeide for eit nytt regionalt kunstmuseum med magasin og utstillingsareal etter gjeldande faglege standardar
- gjennomføre prioriterte sikringstiltak i tråd med sikringsplanen
- gjennomføre prioriterte vølingar av antikvariske bygg og kulturlandskap etter plan
- styrke, utvikle og sikre bygningsvernkompetansen
- prioritere fellesløysingar for bevaring av digitalt skapt materiale og dokumentasjon

Vurdering av eiga måloppnåing

Samlingsavdelinga grunna av sjukemeldingar og skifte av mannskap hatt mindre kapasitet dette år. Ein har hatt utfordringar med klimastyring i magasin og utstillingar, og måtte også stoppe fotokjøla grunna manglande avfukting. Elles gjekk arbeidet etter plan og rutiner, og overføring av samlingar til kontrollerte magasin heldt fram.

Ein hadde planlagd oppstart vøling Stålekleivloftet frå 1167, men prosjektet vart fyrst fullfinansiert på hausten. Dette er eit omfattande arbeid der ein i tillegg til restaureringa skal byggje kunnskap, kurse andre og utvikle formidlinga vår om bygningsarven. Prosjektering vart igangsett, men oppstart vart 2024. Det vart gjort ei rekkje vølingar på andre antikvariske bygg, i tillegg til tilsyn og førebyggjande tiltak, men ikkje tilstrekkeleg for å betre den samla tilstandsgraden. Deltaking i trihøgde-loft prosjektet til Setesdal Bygningsvernseier vart prioritert ut frå mål om kompetanseutvikling.

I tråd med sikringsplan ferdigstilte ein varslingsanlegg Grimdalen og nytt varslingsanlegg kom på plass på Øyfjell Bygdemuseum. Det var ingen tjuverf eller branntilløp ved våre einingar i 2023.

Grunnlagsarbeidet for nytt kunstmuseum på Rauland vart slutført no like etter nyttår, med viktige bidrag frå museet. Fasilitetskrav og rombehov for eit regionalt kunstmuseum er gjennomarbeidd, i tillegg til at ein har bistått konsulentane i prosessen.

Samla sett vurderer ein måloppnåinga som tilfredsstillane, særleg sett i ljøs av kapasitet dette år.

Årsmelding 2023

Heilskapleg samlingsutvikling

Vest-Telemark Museum skal

- drive ei fagleg og heilskapleg samlingsutvikling for vår region, og arbeide målretta for å sikre ein relevant og tilgjengeleg samfunnsdokumentasjon
- følgje museumsfaglege standardar for samlingsforvaltning
- utøve det faglege ansvaret for samlingsforvaltninga
- søkje samarbeid med andre museum i høve til prioriteringss spørsmål og ansvarsdeling innan samlingsutvikling
- gjere prioritering av samlingane ut frå dei ressursmessige rammer
- sikre relevant og representativ samfunnsdokumentasjon innan berekraftige rammer, men prioritere regionen sitt særkjønne, samt 1900-talsmateriale
- prioritere digitalisering og tilgjengeleggjering av samlingane

Vurdering av eiga måloppnåing

Samlingsrevisjonen held fram, innsamlingspolitikken er framleis strengt restriktiv og ein legg vekt på å fullføre dokumentasjonsprosessar heilt fram til publisering og digital tilgjengeleggjering. I samlingsrevisjonen er prioritering av samlingane viktig fokus, men talet på avhenda gjenstandar var likevel avgrensa dette år.

Framleis er SPECTRUM standarden for vår samlingsforvaltning, og set rutinar for korleis me arbeider. Til grunn ligg vår samlingsplan, som no er under revisjon. I spørsmål rundt forvaltning og prioriteringar av samling har ein dialog med våre nabomuseum. Samlingsnettverket med Telemark Museum og Norsk Industriarbeidermuseum hadde ein felles fagdag dette år, der samlingsforvaltning var tema.

Museet har eit stort fagbibliotek som ikkje har vore systematisert og ordna. I haust fekk ein inn hjelp til dette, og skifta også biblioteksystem slik at ein følgjer folkebiblioteka i Vest-Telemark. Slik er vår boksamling søkbar og tilgjengeleg også for eksterne.

Privatarkivfeltet er framleis eit forsømt felt i Telemark, og me har lite ressursar til denne delen av samlingsutviklinga. Men ein får til viktige resultat gjennom eigne prosjekt, og pelsdyrnæringa i regionen vart særskild dokumentert dette år. Sentrale delar av vårt arkivmateriale vert publisert på Digitalarkivet.

Ein vurderer måloppnåinga som god på denne delen, sjølv om kapasiteten har vore mindre dette år.

Relevant formidling: Formidling

Vest-Telemark Museum skal

- utvikle formidling som stimulerer til oversyn, forståing og kritisk refleksjon
- vektleggje mangfald i deltaking, medverknad og innhald i formidlinga
- motarbeide utanforskap gjennom aktiv involvering av nye brukargrupper
- bygge ned tersklar og opne fleire vegar inn i vår kunst- og kulturhistorie gjennom fysisk tilrettelegging, digitale løysingar og mangfald av formidlingsformer
- utvikle læringsarenaer med fysisk utprøving og aktiv deltaking frå publikum
- styrke tilgjenge til samlingane digitalt og gjennom utstillingar

Årsmelding 2023

- utvikle og styrke arbeidet ovanfor skulane gjennom DKS med nye tilbod og tettare samarbeid
- sikre kvalitet i formidlinga gjennom kursing og opplæring av formidlarane

Vurdering av eiga måloppnåing

Samla besøksnedgang på 5,5 %, som skuldast vegstenginga. På ny sterk auke i gjennomførte pedagogiske opplegg og skuleklasser (58%). Tilsaman 43 dagar med handverksaktivitetar. 17 utstillingsproduksjonar av ulikt omfang. Største satsing revisjon av hovudutstillinga i Eidsborg med ny ljossjetjing, teksting og revisjon.

Den største og viktigaste framgangen av formidlingsarbeidet gjennom 2022 og 2023 er auken i tilbodet for skuleklasser, både i og utanfor DKS-systemet (lokalt og regionalt). Tilsettinga av ein museumspedagog i 2021 har vore den direkte årsaka til auken på meir enn 250% i talet skuleelevar som årleg er innom minst eitt av våre museum. Museumspedagogen skal i 2024 og 2025 fokusere på å nå fleire særskilde målgrupper som barnehageborn, eldre og innvandrarar. Ny plan for barn og unge er under arbeid.

Når det gjeld utstillingsproduksjon, mangfald av formidlingsformer, digital formidling, tilgjenge til samlingane og talet omvisingar ved alle einingane, vurderer ein måloppnåinga som høg i høve til tilgjengelege ressursar.

På området opplæring og kursing av formidlarar/sesongtilsette vore med i pilotprosjekt for digital opplæring. Oppgradering av guiderressursar og endå betre oppfølging gjennom sesongen er mål ein aktivt jobbar med.

Svakaste måloppnåing er etter eiga vurdering på området brukardeltaking/medverknad i utvikling av nytt innhald og meir målretta arbeid mot utanforskap. Her står ein del innsats att.

Aktiv utstillingsproduksjon

17 utstillingsproduksjonar av ulik omfang blei gjennomført i 2023 i samarbeid med lokalstyra, på 9 ulike arenaer:

Vest-Telemark Museum Eidsborg:

- Løynde lydar - audiovisuell utstilling av Gudrun Semons og Natasha Barrett
- Vandringsmannen (målerisyklus av Olaf Willums innlånt frå Porsgrunn)
- Klåstadskipet (modell over rekonstruksjonen av vikingskipet)

Årmdals Verk gruver:

- Relansering av revidert geologikutstilling
- Relansering av grueløype på Skjerpenuten (ny skilting)

Kviteseid bygdetun

- Utstilling: Historia om storgarden Flekstveit

Grimdalstunet:

- Kunst- og salsutstilling med Kari Hunsager, Arild Andresen og Hanne Isabel Thorsdalen

Dyre Vaa samlingane:

- Fotoutstilling av Ingolf Endresen
- Relansering av oppgradert og revidert Svallaug Svalastoga-utstillinga

Knut Skinnarland samlinga:

- Kunst- og salsutstilling med Sverre Bjertnes, Ingeborg Stana og Inga S. Søreide

Øyfjell bygdemuseum:



Årsmelding 2023

- Livet lever lengst - draktutstilling
- Kunst- og salsutstilling med Bente Lindvig
- Vidareutvikling av Trovatn-utstilling

Smørklepp kunstmuseum (tidl. Vinje biletgalleri):

- Fotoutstilling om Henrik Sørensens liv i Smørklepp gjennom 40 år
- "Holmsbu-vegg" med innlånte måleri frå Holmsbu kunstmuseum

Dyrskun:

- Skimakarutstilling Gongestogo
- Husflidsutstillinga med særutstillingar i Hall B

Formidling til barn og unge, DKS, andre skuleprosjekt

Deltakarar DKS: 651 (grunnskole 344, vidaregåande 307)

Treskidag: 282

KuLTurbuss: 206

Tidleg krøkast (Smed for ein dag): 189

Broderiprojekt (testfase): 20

TOTALT: 1348 elevar (auke på 58% frå 2022)

I 2023 vart det gjennomført eit broderiprojekt for 8.klasse i samarbeid med fire frivillige frå Tokke husflidslag. Prosjektet starta med museumsbesøk i Eidsborg, føredrag om bunad og folkedrakt, innsyn i samlinga, omvising i utstillinga og besøk av erfarne tradisjonshandverkarar som viste og hjelpte elevane i gang med bunadsbroderi. Avsluttast i 2024.

Museumsbonden, handverksaktivitetar

Museumsbonden: 24 dagar

Handverksaktivitetar:

- Husmannstoga: 12 dagar
- Smia: 7 dagar

App, digital formidling, internet

Tal avspelingar frå VTM sin YouTube-kanal: 1019 (opp 33% frå 2022)

Tal visingar livestreaming:

290 Draumkvedet-seminar + 375 Eidsborgseminaret

= totalt 665 (opp 7%)

Tal nedlastingar formidlingsapp: 123 (ned 40% – ikkje noko nytt innhald i 2023)

Tal sidevisingar på Digitalt museum: 62.328 (opp 20%)

Tal attendemeldingar på Digitalt museum: 17 (ned 66%)

Solid kunnskapsproduksjon: Forsking og dokumentasjon

Vest-Telemark Museum skal

- Drive forskning og kunnskapsformidling med utgangspunkt i våre samlingar, tematikk og fagfelt, samt leggje til rette for andre
- Styrke forskingskompetanse gjennom rekruttering og utvikling i eigen organisasjon
- Søkje samarbeid med andre forskingsmiljø

Årsmelding 2023

- Stimulere til forskning innan våre fagfelt gjennom å setje av eigne ressursar og utarbeide problemstillingar for masterstudentar og andre
- Gjere våre samlingar og kjelder opne og digitalt tilgjengelege
- Drive kunnskapsdeling gjennom våre formidlingsarenaer, ulike formidlingskanalar og publikasjonar

Vurdering av eiga måloppnåing

Måloppnåinga for forskning og dokumentasjon vert ut frå våre rammer vurdert som svært god. Dette hadde ikkje vore mogeleg utan gode samarbeid. Også dette året hadde me to større fagseminar om Draumkvedet og om Eidsborgbryne. På det siste vart det lansert artikkelsamling basert på føregåande seminar med 7 fagartiklar derav 4 fagfellelvurdert. Redaktøransvaret for antologien vart delt med Bjørn Bandlien, professor ved USN. På seminara vart det lagt fram også eiga forskning utført av museets tilsette.

Utviklinga av intern kompetanse går vidare ved at to tilsette no er i gang med deltid masterløp innan fag og tematikk knytt til museets fagområde.

Forskningsrådsprosjektet Eidsborg rocks fekk tilsett stipendat, som no er i gang med arbeidet. Formell tilsetjing er ved KHM, men VTM er birettleiar og tilretteleggar for arbeidet.

I tillegg til denne aktiviteten heldt museets tilsette kåseri, føredrag og underviste ved USN.

Arbeidet med tilgjengeleggjering av våre kjelder og samlingar er prioritert, og vert gjort nærare greie for under hellskapleg samlingsutvikling.

Kommentarar til rekneskap og balanse

Vest-Telemark Museum følgjer dei vilkår og krav til økonomiforvaltning, kontroll og rapportering sett av departementet. Årsrekneskap er revidert og viser eit negativt resultat på kr. 544.486,-, som vert dekt inn frå eigenkapitalen. Den er no på kr. 11.783.737. Årsresultatet utgjere -2,5% av samla driftsinntekter. Ein vurderer økonomistyringa som god, og arbeider aktivt for å redusere faste kostnader og auke eigeninntekter. Del faste offentlege driftstilskotta kjem inn som budsjettert, og utgjorde i 2023 69,8% av samla inntekter mot 62,7% i 2022, 72% i 2021 og 76,5 % i 2020. Av dei offentlege driftstilskotta utgjorde statleg bidrag 52,5 %, medan fylke og kommunar bidrog med høvesvis 26,5 og 21,1%.

Samla bruttoforteneste på suvenir, mat og bøker gjekk ned frå 57,1% til 51,4. På mat gjekk forteneasta opp frå 57,7 til 59,24. Det vert arbeidd aktivt for å redusere matsvinn, samt berekraftig innkjøp. Redusert samla bruttoforteneste skuldast ekstraordinær nedskrivning varelager 2022 og auka internt vareuttak 2023.

Driftsresultatet 2023 var under budsjett, der særskild tre forhold spela inn. Stenging av fylkesveg 45 mellom Eidsborg og Dalen frå april til oktober førte til reduserte besøk særleg i skuldersongane og meirarbeid. Finansierte prosjekt vart ikkje gjennomført som planlagt på grunn av manglande kapasitet, sjukefråvær eller eksterne forhold. Og til slutt påverka den sterke inflasjonen kostnadssida, og vart ikkje fullt ut kompensert med auka driftstilskott eller med vår eigen prising av salsprodukt.

Årsmelding 2023

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til...

...likviditet

Likviditeten var tilstrekkeleg gjennom året.

...eigeninntekter

Budsjettmål for eigne salsinntekter var opprinneleg sett til 3.600', men då det i april vart klart at vegen mellom Dalen og Eidsborg kom til å vere stengt på grunn av vegarbeid gjennom størstedelen av sesongen, vart budsjettet revidert og mål sett til 2.360'. Resultatet viste likevel salsinntekter på 3500'. Med i denne vurderinga må ein likevel ta med ekstraordinær prisvekst. I høve til opprinneleg budsjett var inntektstapet på rundt 500'. Kompensasjon vart søkt kommune og fylke utan resultat.

Budsjettmål for prosjekt var 4.053', men berre 1.904' vart inntektsført. Årsak var mangel på kapasitet og finansiell avklaring av Stålekleivprosjektet. Sal av tenester kom ut på 811' som var noko over budsjett.

...løn og pensjon

Personalkostnadane utgjorde 64,1% av samla resultat, mot 59,6 % og 54,6% dei to føregåande år. Det var ikkje høve for å redusere noko sesongbemanning som følgje av vegstenginga, sidan tilboda for sesong allereie var marknadsført. Vidare har ein ikkje fått inn alle refusjonar for sjukemelde enno. Bemanningsgraden er noko ein følgjer med på, og ein har ikkje heimel til auka bemanning utan at rammene aukar.

Pensjonskostnadane var høgare dette år på grunn av høg reguleringspremie. Pensjonskostnadar var på 1830' eller 13,1% av samla lønskostnadar mot 11,6% i 2022. VTM er i gruppa små føretak og kostnadsførar/balanseførar ikkje framtidige pensjonsplikter.

...eigenkapital

Eigenkapitalen utgjorde ved årets slutt kr.11.996' mot kr.12.542' i 2022. Eigenkapitalen er med dette 55,1 % av samla driftsramme. Styret ser framleis rom for å vedta finansiering av ferdig prosjekterte tiltak frå eigenkapitalen, sjølv om dei ikkje ligg inne i gjeldande driftsplan/budsjett.

...andre sentrale problemstillingar

Leigeavtala med Vinje kommune kom på plass frå nyttår, der straumutgiftene er faste og inkludert i leiga. Dette gjev oss betre og meir føreseieleg økonomi. Straumkostnaden vår gjekk ned frå 1563' til 1185' eller -24%. Tek ein med den auka husleiga er reell nedgang 6,3% samanlikna med 2022.

Vårt samla straumforbruk auka med 5,3% i 2023. Det er gjort freistnadar på å redusere forbruket, men klimakrav til samlingar set premiss for temperaturar. Reelle innsparingar kan no berre bli gjort

Årsmelding 2023

gjennom større investeringar og ombyggingar. Dette er til vurdering i samband med vårt arbeid som Miljøfyrtårn og vedlikehaldsplan.

...tiltak for å sikre effektiv ressursutnytting

Planverk, internkontrollsystem og årshjul vart revidert og oppgradert på starten av året.

Elles vart dei eksisterande systemverktøy vidareført og utvikla. Nytt tiltak var innføring av digital timeregistrering også for dei fast tilsette.

Vurdering av museets arbeid med klima og miljø

Som Miljøfyrtårn gjennomførte VTM ei rekkje tiltak i 2023. Det samla klimaavtrykket gjekk likevel opp som følge av større aktivitet og større straumforbruk. Miljørapporten er ikkje endeleg ferdig, så det samla avtrykket til verksemda er ikkje klart.

Arbeidet med resertifisering etter dei nye krava til MFT starta opp hausten 2023, og miljøarbeidet er ein intergrert del av vår planlegging og faktiske arbeid.

Andre krav og føresetnader for statstilskotet

Dei tilsette og styret er gjort kjend med dei krav og føresetnader som følgde tilsegnsbrevet for 2023. Ein viser til tidlegare rapporteringar for arbeidet for immateriell kulturarv, mangfald, likestilling, universell utforming med meir. For rapporteringsåret gjeld mykje det same som er meld inn tidlegare, men ein trekke fram eit særskild arbeid med å utarbeide handlingsplan for likestilling, mangfald og likeverd.

Gjeldande publikumsutvikling er det ikkje gjennomført eiga undersøking dette år. Me opplever likevel me kjenner godt til vårt publikum, og har ein tett dialog med lokale eigarstyre, venelag, turoperatørar, skular mm. Evalueringsrutiner er på plass knytt til pedagogiske tilbod/DKS.

Eventuelle andre kommentarar til årsrapporten

Vedlikehald - erklæring frå styret

Styret er takksam for eingongstilskotet på 2 mill som ein fekk for 2024. Det er lenge påpeika det særskilde behovet for styrking av vedlikehaldet, særskild av den omfattande antikvariske bygningsmassa. Det er likevel behov for ei varig driftsmessig lyft på dette feltet, og ein viser til budsjettøkna for 2025.

Styret erklærer at vedlikehald er prioritert, og det vert gjort godt og viktig arbeid innan dei rammer ein har. Men det vil vere naudsynt med ei vidare ressursmessig styrking om ikkje viktig bygningsarv skal gå tapt.



Årsmelding 2023


Forklaring på det negative årsresultatet og korleis det vert dekt inn

Årsak til det negative årsresultatet er sett saman av fleire forhold. Som nemnd fleire stader i rapporten leid ein tap av salsinntekter på vel 500' som følgje av stenginga av Fv 45 mellom Eidsborg og Dalen. Vidare hadde ein budsjettert med større prosjektinntekter, men oppstart vart utsett eller ein mangla kapasitet for gjennomføring. Det største prosjektet Stålekleivloftet fekk fyrst på hausten avklara siste del av finansieringa (ramme 5,3 mill), men ein rakk ikkje å koma i gang med sjøve arbeidet før no etter nyttår. I dette og andre prosjekt er bruk av eige mannskap ein del av budsjettplanen, som slik kjem til inntekt i rekneskapen.


På utgiftssida heldt ein seg mykje innan dei budsjetterte rammene, men dette var mykje på grunn dei ikkje gjennomførte prosjekta. Held ein dette utanom, ser ein at det auka kostnadsnivået gjorde seg gjeldande. Løns- og prisvekst vart ikkje fullt ut kompensert gjennom dei offentlege driftstilskot, og sjølv om me hadde lagt på prisane før sesongen var ikkje dette tilstrekkeleg for å kompensere for auka kostnader på varer, transport, innleigde tenester osb.

Inndekking av det negative driftsresultatet vert henta frå eigenkapitalen.

Eidsborg 28.02.2024




Dag Korgemoen, direktør




Lars Bjaadal




Johannes Skarprud




Arne Vinje



Elin Seltveit



Inger Synnøve Fles Lie



Trond Arild Pedersen



Resultatrekneskap

	Note	2023	2022
DRIFTSINNTEKTER			
Tilskot	7	17 302 957	18 274 414
Anna driftsinntekt		4 478 859	4 836 244
Sum driftsinntekter		21 781 816	23 110 658
DRIFTSKOSTNADER			
Varekostnad		1 032 824	1 143 765
Lønskostnad	2	13 966 598	13 715 985
Avskr. varige dr.midlar	3	243 020	279 736
Annan driftskostnad		7 165 630	7 198 661
Sum driftskostnader		22 408 072	22 338 147
DRIFTSRESULTAT		-626 256	772 511
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER:			
Renteinntekt		319 146	78 404
Anna finansinntekt		528	199
Rentekostnad		236 991	114 551
Annan finanskostnad		913	682
Resultat av finansposter		81 770	-36 629
ORDINÆRT RESULTAT FØR SKATTEKOSTNAD		-544 486	735 882
Ordinært resultat		-544 486	735 882
EKSTRAORDINÆRE INNTEKTER OG KOSTNADER			
ÅRSRESULTAT		-544 486	735 882
OVERFØRINGAR			
Overført annan eigenkapital	6	-544 486	735 882
Sum overføringar		-544 486	735 882



Balanse


	Note	2023	2022
EIGEDLAR			
ANLEGGSMIDLAR			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	3	964 977	1 736 968
Driftslausøre, inventar, verktoy, kontormask. ol.	3	7 266 569	6 827 119
Sum varige driftsmidl		8 231 547	8 564 088
Investeringar i aksjar og andelar	3	5 002	5 002
Andre langsiktige fordringar		204 087	178 485
Sum finansielle anleggsmidl		209 089	183 487
Sum anleggsmidl		8 440 636	8 747 575
OMLØPSMIDLAR			
Varer		780 071	713 000
Sum varer		780 071	713 000
Kundefordringar		326 043	137 737
Andre fordringar		1 206 117	437 282
Sum fordringar		1 532 160	575 019
Bankinnskot, kontantar og liknande		11 020 039	13 407 601
Sum omløpsmidlar		13 332 270	14 695 621
SUM EIGEDLAR		21 772 906	23 443 195



Balance

	Note	2023	2022
EIGENKAPITAL OG GJELD			
EIGENKAPITAL			
Selskapskapital	5,6	212 000	212 000
Sum innskoten egenkapital		<u>212 000</u>	<u>212 000</u>
Annan egenkapital	6	11 783 737	12 329 723
Sum opptent egenkapital		<u>11 783 737</u>	<u>12 329 723</u>
Sum egenkapital		<u>11 995 737</u>	<u>12 541 723</u>
GJELD			
Gjeld til kredittinstitusjonar	4	4 200 000	4 620 000
Sum anna langsiktig gjeld		<u>4 200 000</u>	<u>4 620 000</u>
Leverandørgjeld		930 200	557 256
Skuldige offentlege avgifter		753 804	767 370
Anna kortsiktig gjeld		3 893 165	4 956 847
Sum kortsiktig gjeld		<u>5 577 169</u>	<u>6 281 473</u>
Sum gjeld		<u>9 777 169</u>	<u>10 901 473</u>
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		<u>21 772 906</u>	<u>23 443 195</u>

Eidsborg, 28.02.2024
Styret for Stiftinga Vest-Telemark Museum


Lars Bjørndal
Styrelens leder


Elin Selteit
Styremedlem

Arne Vinje
Styremedlem


Johannes Skarprud
Styremedlem


Inger Synnøve Fles Lie
Styremedlem


Trond Arild Pedersen
Styremedlem


Dag Rørgemøen
Dagleg leiar

Stiftinga Vest-Telemark Museum



STIFTINGA VEST - TELEMARK MUSEUM

Org. Nr. 985 231 931

NOTER TIL ÅRSREKNESKAPET FOR 2023

Note 1 - Regnskapsprinsipp

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak. Selskapet har ikkje foreteke endring i rekneskapsprinsipp i rekneskapsåret.

Driftsinntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført etter kvart som dei vert levert.

Klassifisering

Eigendelar som er bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Øvrige eigendelar er klassifisert som omløpsmiddel. Gjeld som forfell seinare enn eit år etter balansedagen er oppført som langsiktig gjeld. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er uansett klassifisert som omløpsmidlar.

Anleggsmidlar vert vurdert til anskaffelseskost, men nedskrivast til verkeleg verdi når verdifallet er forventa å ikkje vera forbigåande.

Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi, og nedskrive ved varig verdifall.

Finansielle anleggsmidlar

Finansielle anleggsmidlar vert ført til anskaffelseskost og nedskrive til verkeleg verdi ved varig verdifall.

Fordringar

Kortsiktige fordringar vert ført opp i balansen til pålydande etter frådrag for forventa tap.

Varelager

Eigentilverka varer vert ført opp til variabel tilvirkningskost.

Råvarer og innkjøpte varer for vidaresal, vert ført opp til lågaste av kostpris og verkeleg verdi.

Finansielle omløpsmidlar

Ved tilordning av anskaffelseskost er nytta FIFO - metoden. Ved verdsetjing er nytta lågaste av kostpris og verkeleg verdi.

Gjeld

Gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Note 2 - Lønnskostnader

Lønnskostnaden for to siste år består av fylgjande.

	2023	2022
Lønningar	10 591 446	10 967 598
Arbeidsgjevaravgift	1 386 293	1 335 681
Pensjonskostnader	1 830 541	1 224 518
Andre lønnskostnader	158 318	188 188
Sum lønnskostnader	13 966 598	13 715 985
Gjennomsnittleg antall årsverk	14	14

Pensjon

Framtidige pensjonsforpliktelsar og premiefond er ikkje ført opp i balansen, dette er i samsvar med rekneskapsreglane for små foretak. I 2023 er det brukt kr 94 601 av premiefond i KLP til innbetaling av pensjonskostnad.



Note 3 - Varige driftsmidler

	Maskin/ inventar	Bygg Eidsborg	Inventar/ utstilling Eidsborg	Kanal- parken	Bygg NSE	Bygg Øy fjell	Tomt Eidsborg
Anskaffelseskost 01.01.	1 830 801	57 508 806	6 443 643	5 943 579	1 846 548	2 596 909	71 485
Årets tilgang				-		27 586	
Årets avgang til anskaffelseskost							
Anskaffelseskost 31.12.	1 830 801	57 508 806	6 443 643	5 943 579	1 846 548	2 624 495	71 485
Akkumulerte av-/nedskr. 31.12.	1 563 676	225 768		972 579	455 148		
Motatt tilskott		51 884 858	5 991 746	4 971 000	-	2 624 495	
Bokført verdi pr 31.12.	267 125	5 398 180	451 897	-	1 391 400	-	71 485
Årets avskrivning	116 350	69 300		-	36 900		
Årets nedskrivningar							
Årets avskrivning i %	20 %			14 %	2 %		
Økonomisk levetid	5 år			7 år	50 år		
Avskrivningsplan	Linær	Linær	Linær	Linær	Linær		

	Vass- drags modell	Lade- stasjon	Lysanlegg Eidsborg	Brannvarsl. anlegg Øy fjell	Sum
Anskaffelseskost 01.01.	1 163 647	218 011	-	-	74 628 981
Årets tilgang			2 138 353	113 716	2 279 655
Årets avgang til anskaffelseskost					-
Anskaffelseskost 31.12.	1 163 647	218 011	2 138 353	113 716	76 908 636
Akkumulerte av-/nedskr. 31.12.		26 352	7 053	1 716	1 688 616
Motatt tilskott	1 163 647	140 000	1 575 500	68 000	67 255 599
Bokført verdi pr 31.12.	-	51 659	555 800	44 000	8 231 546
Årets avskrivning		11 701	7 053	1 716	243 020
Årets nedskrivningar					
Årets avskrivning i %		15 %	15 %	15 %	
Økonomisk levetid		7 år	7 år	7 år	
Avskrivningsplan					

Aksjar/ lutkapital

Finansielle anleggsmidler

	Antal	Kostpris	Bokført	Elgarandel i %
Norsk Skieventyr AS	50	0	1	5,00 %
VisitTelemark AS	5	0	1	
Stiftinga Norsk Landstadsenter		5 000	5 000	5,00 %

Note 4 - Langsiktig gjeld/ pantsetjingar og garantiar

Gjeld som forfell til betaling meir enn fem år etter rekneskapsårets slutt 2023
Gjeld til kredittinstitusjonar 2 400 000

Pantsetjing og liknande	Gjeld sikra ved pant	Sikkerheit	Bokført verdi
Gjeld til kredittinstitusjonar	4 200 000		
Kassakreditt	-		
Sum	4 200 000		-

Limit kassakreditt er kr. 0.



Det er 2 lån i stiftinga 31.12.2023. Eit lån på opprinneleg kr. 660.000 for å dekke kjøp av lokaler i Morgedal. Betaling på dette lånet vil tilsvare den husleiga som var på dette lokalet før. Lånet er nedbetalt i år 2026.

Det andre lånet er på kr. 4.800.000. Dette står i stiftinga Vest Telemark Museum sitt navn, men vert fullt betjent av Tokke Kommune. Dette er Tokke Kommune sitt bidrag til utbygginga i Eidsborg. Lånet er nedbetalt i år 2036.

Note 5 - Innbetalt selskapskapital

Følgjande har innbetalt selskapskapital

Namn	Innskott kapital
Vest - Telemark Museum, Eidsborg	201 000
Anne Grimdals Minne	1 000
Åmdals Verk Gruver	1 000
Fyresdal Bygdemuseum	1 000
Kviteseid Bygdetun	1 000
Norsk Skieventyr	1 000
Øyffjell Bygdemuseum	1 000
Dyre Vaa Samlingane	1 000
Skinnarlandsamlinga	1 000
Vinje Biletgalleri	1 000
Myllarheimen	1 000
Vinjestoga	1 000
Totalt innbetalt selskapskapital	212 000

Note 6 - Egenkapital

Stiftelsen opptjente egenkapital er splittet i annen egenkapital og fond for samlingar.

	Grunnkap.	Fond for samlingar	Anna EK	Sum eigenkap
Pr. 31.12.2022	212 000	91 142	12 238 581	12 541 723
Årets resultat		-1 500	-544 486	-545 986
Egenkapital pr 31.12.2023	212 000	89 642	11 694 095	11 995 737

Årets sal av gjenstander er tillagt fond for samlingar.

Fond for samlingar kan kun nyttast til innkjøp av nye objekter til samlingane. Oppset nedanfor viser bruk/ tilgang på fondet for 2023.

Fond for samlingar	
Per 31.12.2022	91 142
Tillagt fondet i året	-
Årets bruk	1 500
Per 31.12.2023	89 642

Note 7 - Offentlege driftstilskot

Namn	Tilskot	Tilskot
Det kongelige kulturdepartement	Driftstilskot	7 980 000
Vestfold og Telemark fylkeskommune	Driftstilskot	4 022 541
Tokke kommune	Driftstilskot	1 329 062
Fyresdal kommune	Driftstilskot	158 873
Kviteseid kommune	Driftstilskot	530 200
Vinje kommune	Driftstilskot	1 062 720
Seljord kommune	Driftstilskot	121 463
Sum		15 204 859



Revisorteam Vest Telemark AS

Tilsluttet Revisorteam AS

Til styret i

Stiftinga Vest-Telemark Museum

Melding frå uavhengig revisor

Uttale om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Stiftinga Vest-Telemark Museum sin årsrekneskap som viser eit underskot på kr 544 486. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2023 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2023 og av resultatata for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av stiftinga slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjonen.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for ytterlegare informasjon som er publisert saman med årsrekneskapet. Ytterlegare informasjon består av årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapet overfor dekker ikkje øvrig informasjon.

I samband med revisjon av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese annan informasjon. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den øvrige informasjonen og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd oss under revisjonen av årsrekneskapet, eller om øvrig informasjon står fram som vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom øvrig informasjon står fram som vesentleg feil. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

Statsautorisert Revisjonsselskap
Autorisert Rekneskapsførarselskap
Adresse Vinje
Åmotvegen 8, 3890 Vinje
Adresse Seljord:
Brøløvsvegen 47, 3840 Seljord

Org.nr.: 968 407 880
Tlf. kontor: 35 06 27 00

Avd. kontor Seljord:
Tlf.: 35 06 27 10

Statsautorisert revisor Siv Aarmodt
Statsautorisert revisor Inger Noraberg
Statsautorisert revisor Tor Einar Skarprud
Statsautorisert revisor Aud Eva Vaa Solliid
Statsautorisert revisor Kristine Midtbo Mo
Statsautorisert revisor Elisabeth Beckmann

siv@rcvisorteam.no
inger.n@revisorteam.no
toerein@revisorteam.no
audeva@revisorteam.no
kristine@revisorteam.no
elisabeth.b@revisorteam.no



Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvise bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til fortsatt drift og opplyse om tilhøve av betydning for fortsatt drift. Føresetnaden om fortsatt drift skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen

Vårt mål er å oppnå den tryggleik vi treng for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gje ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Den tryggleik vi treng er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerse som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare omtale av oppgåvene og pliktene til revisor blir det vist til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om utdeling og forvaltning

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra over, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at stiftinga er forvalta og utdelingar er utført i samsvar med lov, stiftinga sitt formål og vedtektene for elles.

Seljord, 28. februar 2024

Revisorteam Vest Telemark AS

Kristine Midtbø Mo
Statsautorisert revisor